


# Kyrkjelydshlad for Arna



NR. 3

APRIL 1985

18. ÅRG.



Konfirmantar i Arna 1984

**KONFIRMASJON I ARNA 28.4 og 5.5.  
YTRE ARNA 5.5.  
TRENGEREID 12.5.**

## TA SJANSEN

Luk. 19, 1-10.

### Heisann, konfirmantar!

Er de glade for at de snart kan få sleppa den tittuleringa?

— Vera ferdig med konfirmant-timar, gudstenester og «styr»? — Ja, for konfirmanttida er berre noko ein må gjennom av gammal tradisjon, — Eller?...

— Om du er heilt ærleg mot deg sjølv — så hadde du kanskje lyst til å forstå «Det med Jesus» betre også? Ja, det kan til og med henda at nokon foreldre har vore glade for at konfirmantane deira gav dei «lovleg grunn» til å koma i kyrkja...

Men no har konfirmanttida gått, du har sete på «gjerdet» og vurdert det som vert fortalt deg, — på trygg avstand til hovudpersonen Jesus.

Det var ein annan og som hadde høyrt om Jesus, — og som yngste å kontrollera om det var sant, det han hadde høyrt. Men det var ikkje verd å visa seg så altfor interessert, så mannen klattra opp i eit tre, for i ro og fred kunna vurdera det heile på avstand. Men Jesus stoppa under treet og ropa på mannen: «Sakkeus, skund deg og kom ned.»


Jesus snakka til han som hadde tenkt å klara seg med eit lite overblikk, — fordi Jesus ikkje er interessert i å ha tilskuarar. Han vil ha deltagarar. «Levande» folk som ikkje berre set på baken og tek i mot. Jesus ropte Sakkeus ned fra ein ubetydeleg statistrolle, og gav han ei tittelrolle i staden. Og Jesus ynskjer framleis a få menneske ned fra tilskodarbenken, — frå deira avstandsvurdering. Til eit personleg møte med han som kjem med si frelse. For det er berre når me slepper Jesus nær innpa oss, me kan få kjenna hans varme omsorg for oss.

Kan du fortsetja som før etter konfirmanttida?

Sakkeus hadde berre tenkt å få eit glimt av Jesus, før han gjekk tilbake til Tollbua — og alt ville vera som før. Men alt var ikkje som før, for Sakkeus fekk møta Jesus på nært hold.

Vågar du a hoppa ned frå «gjerdet» — tilskodarplassen, — og ta imot den tittelrolla som Jesus har reservert berre til deg?

Ta sjansen!



L.I. Grunnaleite

## Fin gave til konfirmanten

I konfirmanttida har kyrkjelyden betalt abonnement for alle konfirmantane i 1/2 år på det kristne ungdomsmagasinet «Ny Horisont». Det er eit friskt og fint blad som mange unge set stor pris på.

Om du som far, mor, bestemor, bestefar, fadder e.l. vil gje noko til konfirmanten som vidare kan gje ei påminning om det dei har møtt i konfirmanttida, ville det vera ein god idé å gje eit gaveabonnement på «Ny Horisont».

Det kostar kr. 110,- pr. år.

Skriv til:



POSTADRESSE:  
Ny Horisont, Postboks 226,  
4001 Stavanger

Telefon: (04) 53 10 65  
Postgiro: 5642681  
Bankgiro: 8501.05.12528

## Møte

### BETANIA, LONE:

- 21/4: Eldrefest
- 25/4: Møte v/NLM
- 27/4: Ungdomskveld v/BUF
- 28/4: Møte v/NLM
- 9/5: Møte v/Indremisjonen
- 12/5: Møte v/Indremisjonen
- 16/5: Helgetorsdag.  
Nattverdsmøte

### ARNA BEDEHUS

- 21-21/4: Møteveke v/NLM
- 28/4: Kyrkjelydstreff
- 9/5: Eldresamvær
- 12/5: Møte v/Gottfred Eriksen
- 17/5: Rømmegrautfest

## HUSK FASTEAKSJONEN INNLEVERING




Fastebøssene kan leverast inn helst før 1. mai i Sparebanken Vest og Vestlandsbanken sine filialar i Indre Arna, Ytre Arna og på Espeland. Bøssene kan og leverast på prestekontora og ved alle arrangement i kyrkjene i denne tida.

Gåver kan også sendast direkte til Kirkens Nödhjelpe, Underhaugsv. 15, Oslo 3 på postgiro 5201405 eller bankgiro 6046.30.09.530.

## Ny arbeidar i kyrkje- lydane

Kåre Kvalvåg tok i februar til som sivilarbeidari i kyrkjelydane i Arna. Han vil få arbeidsoppgåve likt fordelt mellom Ytre Arna og Arna kyrkjelyd.



Fra før har han vore ungdomsarbeidari i Høvik og Madlamark i til-saman nesten 4 år og har utdanning i musikk og kristendom. Vi er glade for at han vart tildelt kyrkjelydane og han vil naturleg nok få ein del av arbeidsoppgåvene i barne- og ungdomsarbeidet. Dessutan er han ikkje ukjent i Arna heller — han er fra Unneland og har sjølv vore aktivt med i ungdomsarbeidet her tidlegare.



# Barneside

«Jesus forteller! Hva forteller Jesus om? Kom, så spør vi gutten som med nistekurven kom. Jesus forteller om å gi hva vi har fått. Livets brød skal deles slik at alle får det godt.»

Gutten som vi hører om hadde en matpakke som han sikkert hadde tenkt å spise selv. Allikevel gav han maten til Jesus for at han skulle dele den ut til menneskene som var samlet. Gutten

har noe å lære oss. Å gi en liten ting til noen som trenger den kan skape mye glede. Glede hos den som får og glede til den som gir.

Engang du har et eple, en plate sjokolade eller noe sånt som du helst vil ha alene, del med en og se om det ikke gjør dere glade begge to.

## Løsning på kryssord nr. 3.





Vinnarar av konkurransen var:

Av 19 innkomne svar vart Øystein Sundsbø trekt ut som vinner.

Løysing på rebus i nr. 3:

Påskeegg.

NOE  
Å  
LURE  
PÅ



Johannes 6. 9.

Kjære Jesus,  
hjelp meg til å

dele med andre

## USEMJE EI HINDRING? Av Jens Olav Mæland

— Det er så mykje usemje blant kristne at det er umogleg å vita om kristendomen er sann.

Innvendinga er ikkje uvanleg, og nokon legg til: Hadde dei nå berre vore einige i kyrkja, så skulle eg ha vorte ein kristen.

Men er det slik vi tenkjer i det vanlege livet? Seier vi til dømes: Det er så mykje usemje om barneoppesding, så derfor går det ikkje an å vita om oppseding er noko viktig? Eller er det nokon som meiner at diskusjonen om det rette kosthaldet er så stort at eg ikkje bryr meg om å eta.

Usemje seier altså ingenting om ei sak er sann eller ikkje. Usemje om kosthald, fører berre til at vi er meir nøyne med kva vi et. Slik burde og usemje blant kristne føre til at ein er meir nøyne med å granska kva kristendom verkeleg er.

Full semje mellom dei kristne, ville ikkje føre til at fleire vart sikre på sanninga i kristendomen. Vi har nemleg alle ein innebygd skepsis til alt som presenterer seg som noko sjølvsagt. Da tenkjer vi lett at dette er ei samansverging eller ein hjernevask. Det er noko tvangsmessig over det, som vi ikkje likar.

Men dei kristne er og samde om mykje. Alle dei store kyrkjesamfunna forkyunner at Bibelen er truverdig, at Gud er tre-einig og at frelsen ligg i Jesu død og oppstode. Når kristne diskuterer kor hovudvekta skal liggja, viser det berre at dei meiner saka er viktig.

Kan hende kunne innvendinga vi starta med, derfor verta redusert til eit einskild spørsmål: Korleis kan eg vita om kristendomen er sann?

Det går nemleg an å sjekka om kristendomen er truverdig ved å prøva på ordet hans. Gud har gitt seg såpass til kjenne at mange menneske ser at dei vanskeleg kan koma forbi dette med Jesus.

## Vellukka Misjonsbasar

Basaren som Vollen misjonsforening stelte til i Arna bedehus den 25. mars, vart svært vellykka. Det var godt frammøte, folk fann seg godt til rette og dei hygga seg med kaffi og kaker medan dei var med på utlodningane. Krinssekretær Nils Peder Kjetså ga ei fin orientering om misjonsarbeidet i Thailand. Det økonomiske resultatet vart på omlag 13.500 kroner.

Formann i misjonsforeninga, Margit Hollekve, seier at basaren var ein fin inspirasjon for alle som var med og laga til. Dei gledde seg over den gode oppslutningen, og dei vil gjerne takke alle som var med å støtte basaren både med gevinstar og ved å kjøpe lodd. Ho vonar det kan verte ein tradisjon at Det norske misjonsselskap har ein basar, og dersom det legg seg til rette, prøver dei på nytt att på ettervinteren neste år og.


## Ta barna med i gravferda

Born bør få vera med i gravferda til menneske dei er glade i. Vert dei stengde ute frå dette sørgerituallet, vert dei ikkje i stand til å skjøna røyndomen i dødsfallet og kan få skremmande kjensler av at dei sjølve har medverka til den vonde hendinga.

Dette er tankar frå ein ny boik på Universitetsforlaget, «Når barn sørger» av Claudia Jewett.

Sjølv små born kan oppfatta døden forbausande realistisk, heiter det i boka, men forståinga avheng av kva borna får vite om dødsfallet som verkeleg og endeleg. Ofte har dei vaksne vanskeleg for å snakka med borna. Dei ønskjer nok å verna dei mot vonde opplevelingar og lar derfor situasjonen vera så hyggjeleg som mogleg. Men dette er eigentleg ei samansverging mot borna av for-

## Utviding av Takvam kapell



Kapellet i dag.

Folket på «stranda» bygde kapellet i 1926. Etter krava den gongen det var bygd, var det både tenleg og fint. Kommunane har teke over drifta i tur og orden. Først Haus, så Arna og no Bergen. Haus kommune bygde eit lite sakristi, og det har vorte gjort litt utvendig vøling, elles ingen ting.

I 1978-1980 fekk kapellet heilt ny innreiing med nye stolar, altar, døypefont, orgel og elles alt utstyr som trengs i ei kyrkje. Også denne gongen var det folket sjølv som skaffa midlane, kr. 50.000.-. I 1982 fekk kapellet kyrkjeklokke av Arne Fabrikker. Kapellet har berre 38 sitteplassar og er så reint for lite. I gravferder må mykje av folket stå ute, og dei kan korkje høyre eller sjå. Ved andre samkomer er det og for lite. Kapellet manglar også toilet.

For 17 år sidan søkte Skuggstrand Husmorlag Arna kommune om utviding. Desse såg med velvilje på søknaden, og etter nokre år var dei i ferd med å tilretteleggja utvidinga. Seinare har det vore oppe i ulike nemnder, men det har ikkje kome lengre enn til synfaring, snakk og skriv.

Etter initiativ frå Nemnda for Takvam kapell er det no utarbeidte teikningar som gjev 84 sitteplassar. Utvidinga er kostnadsrekna til 340.000 kr. (1982). Me har samla ein del midlar, men ein større eigenkapital må nok til om det skal vera von om ei snarleg utviding av kapellet.

No vendar nemnda seg til folk med bøn om hjelp til dette, og har starta krenurulling. Teikningane for utviding er no godkjent av Bergen formannskap og Stiftsdireksjonen, slik at det er berre pengane som vantar.

## Konfirmantklubb i Arna

Ein del konformantar i Arna har i staden for vanlege gruppemøter, deltatt på konfirmantklubben i Annekset på Seim. Klubbkveldane har vore lagt opp litt ulikt frå gong til gong.

Ein har prøvd å leggja opp ulike emner som ein har arbeidt med. Til hjelp har ein nokre gongar hatt vitjing av folk utanfrå.

I tillegg har det vore noko å eta og drikka kvar gong.

Bildet er henta frå siste klubbkveld i vår, då filmen «Helter i hverdagen» stod på kjøreplanen. Denne kvelden hadde kateket Målfrid Sandvik bakt bollar til heile gjengen — rundt 60.

Både bollane og safta fekk «bein å gå på», noko som skulle fortelja at kateketen hadde gjort ein framifrå jobb her også.

### KORT SAGT

#### MIN KONFIRMASJON

##### Lynintervju med Arthur Askeland

###### Du var konfirmant i 1923. Kvar gjekk du for presten?

— I Indre Arna. Vi gjekk til konfirmantførebuing ein gong i veka om sommaren.

###### Det var lang veg?

— Ja, vi rodde av og til, men ofta gjekk vi.

###### Fekk de lekse?

— Salmevers, boda og artiklane måtte vi kunna.

###### Å pugga salmevers var vel ikkje det lettaste?

— Nei, men eg er glad for at det var slik den gongen.

###### Kvifor?

— Fordi vi har lett for å gløyma det vi lærer når vi blir eldre, det vi lærte som born og unge minnest vi.

###### Er det nokre salmar du var særlig glad i?

— «Jesus du er den himmelveg» og «Din Frelsar ser på deg i dag og spør om du vil halda lag».

###### Kvar vart du konfirmert?

— I Ytre Arna kyrkje. Vi hadde overhøyring same dagen som vi vart konfirmerte.

###### Synest du konfirmasjonstida hadde verd for deg?

— Det var ei gild tid som har vore til stor verd for heile livet.



## KONSERT

Ytre Arna kyrkje  
søndag 21. april kl. 19.00.

Ytre Arna Ungdomskor  
Ytre Arna Kyrkjekor  
Arne Musikkforening

# Konfirmantar i Arna kyrkje 1985

Søndag 28. april kl. 10.00

Alstad, Lene Kristine  
Borge, Kari Anne  
Eikeland, Janne  
Feldt, Inger  
Garnes, Gunnveig  
Gunnarson, Hilde  
Haugland, Elin  
Havre, Unni  
Kvaale, Kristin  
Lavik, Anne-Grethe  
Låstad, Tone  
Misje, Linda  
Mokleiv, Eli  
Muri, Henriette  
Notnæs, Kirsti Helen Sandtorv

Ramstad, Siv  
Tunestveit, Bente  
Veseth, Vibeke  
Wæhle, Lin  
  
Almelid, Sigmund  
Amundsen, Stig  
Birkeli, Eivind  
Bjørndal, Lennart  
Bjånes, Geir  
Engesæt, Tor Øyvind  
Garnes, Nils Magne  
Halvorsen, Ole Kristian  
Holsen, Thore Nyheim  
Iversen, Børge  
Iversen, Jarle  
  
Iversen, Øystein  
Jacobsen, Geir Olav  
Johnsen, Erik  
Kippersund, Geir  
Legreid, Trond  
Lygre, Steinar  
Magnussen, Vidar  
Olsen, Trond Inge  
Rosendahl, Bernt Jarle  
Rørbakken, Jan Aasgaard  
Selle, Torbjørn  
Storli, Jan Atle  
Sundal, Jarle  
Tunes, Kenneth  
Tveit, Hans Kåre  
Vareberg, Frode

Søndag 28. april kl. 12.15:

Anthun, Unni  
Bråthen, Vibeke  
Drageide, Ingunn  
Eide, Elin  
Eide, Laila  
Fanebust, Ragnhild  
Gunby, Vibecke Elisabeth  
Haukeland, Kjersti  
Korneliussen, Bente Anita  
Mjelde, Karianne  
Mjelstad, Annicke  
Mæland, Siri,  
Nordahl, Siri

Olsen, Hege Therese  
Padøy, Grete  
Stranden, Vibeke  
Svenning, Anette  
Tveit, Unni  
Wallem, Kjersti  
  
Akselberg, Sverre  
Dalaker, Erling  
Enger, Arvid Skulstad  
Espeseth, Frode  
Gjerstad, Espen  
Hansen, Frank  
Hauge, John Hermund  
Haugland, Frode  
Haukeland, Johnny  
  
Haarstad, Karl Erik  
Kloster, Vidar  
Langeland, Johnny  
Larsen, Ole Arild  
Loftaas, Ronny  
Marøy, Frode Per  
Nesse, Odd Bjarne  
Nesset, Geir Bjergene  
Naevdal, Harald  
Opdal, André  
Rolland, Bjørn Sigmund  
Skogseide, Vidar Folke  
Storsæter, Bjørn Inge  
Tverlid, Frode  
Wetås, Yngve

Søndag 5. mai kl. 10.00:

Andreassen, Anja  
Baartvedt, Tone  
Corneliussen, Åse-Lill  
Engevik, Randi  
Hafstad, Sidsel Irene  
Haugland, Helen Merete  
Herfindal, Åse  
Hjortholm, Gro Borghild  
Isaksen, Renate  
Lillefosse, Hilde-Marie Norevik  
Mjelde, Torill  
Nese, Tone  
Nøkling, Monica Aksdal

Pedersen, Margrethe  
Reithaug, Kjersti  
Skudal, Marianne  
Skaar, Siv Trude  
Sundal, Liv  
  
Berg, Carl Fredrik  
Christophersen, Ronny  
Einaas, Arnulf André  
Erichsen, Vidar  
Fjæreide, Roger  
Fyllingen, Alv Jarle Kvant  
Grimstad, Morten  
Hansen, Hallgeir  
  
Herfindal, Per Martin  
Jakobsen, Geir Stener  
Lie, Roald  
Låstad, Frank  
Minde, Jørn Idar  
Rolland, Jarle  
Rosvold, Rune  
Schwab, Svein Harald  
Skorpen, Bjørn Raymond  
Thunestvedt, Frode  
Torvund, Kjetil  
Veland, Bjørn André  
Øy, Jostein  
Åsvang, Sigurd

Søndag 5. mai kl. 12.15:

Bertelsen, Janne Blomberg  
Eliassen, May Lisbeth  
Gudmundsen, Vibeke  
Holstad, Kristin  
Iversen, Bente  
Lerås, Grethe Irene  
Nesse, Randi  
Nytveit, Veronika  
Rødbotten, Hege Sangolt  
Solhaug, Tone  
Tonning, Torunn  
Vevle, Rita  
  
Algerøy, Åge  
Brekke, Tor Atle  
Børve, Even  
Dale, Ivar  
Ellingsen, Cato  
Espevoll, Frode  
Grøndal, Terje  
Gaasdal, Frode  
Hammersland, Tore  
Haugsvær, Knut  
Henriksen, Jan Cato  
Johnsen, Trond  
Kraeber, Michael Rongved  
Kversøy, Jon Helge

Kaaresen, Jan Gunnar  
Lindkvist, Børge  
Olsen, Lars Aage  
Reiersen, Øyvind, Egil  
Ribesen, Kent Ove  
Runningen, Inge  
Silden, Torkild Arne  
Storebø, Bård  
Sundland, Bjørn  
Tufteland, Frode  
Tunes, Roger  
Villanger, Pål  
Værøy, Torleif

# Konfirmantar i YTRE Arna kyrkje 1985

Søndag 5. mai kl. 10.00:

Brandsdal, Viggo  
Dyndal, Pål  
Hinna, Ørjan Jonas  
Kalsås, Roy  
Langeland, Anders Martin  
Leira, Fredrik  
Nævdal, Viljar  
  
Riise, Tore  
Rolland, Lars Magnus  
Skjelbreid, Tormod  
Stamneshagen, Thor Løseth  
Stamneshagen, Øyvind  
Brunborg, Kristin

Knutsen, Grethe  
Natås, Wibecke  
Nordoen, Lise Vivian  
Skadal, Lena  
Aasgaard, Anne  
Wichstrøm, Trine

Søndag 5. mai kl. 12.00:

Einmo, Svein Erik  
Furnes, Jørn  
Lilletvedt, Atle  
Løland, Tore  
Oen, Alexander  
Osland, Bjørn  
  
Berland, Hege  
Brudvik, Marie  
Hernæs, Mette Kristin Øybø  
Michelsen, Grete Katharina  
Nesse, Monica  
Solsvik, Lisbeth

Soltvedt, Hege  
Steinestø, Monika  
Thunes, Unni  
Vestbø, Evelyn Beathe

# Konfirmantar i Trengereid kapell 1985

Søndag 12. mai kl. 11.00:

Høyberg, Linda  
Moe, Toril  
Skulstad, Hege  
  
Skulstad, Anita  
Lie, Widar Knoph

Martinsen, Kai Arne  
Vedå, Terje

# NYTT FRA KYRKJELYDANE



## Døpte

### Arna sokn:

- 24.02 Elisabeth Ervik Hovland i Ervik Kapell.  
10.03 Roger Arverud.  
17.03 Hermund Kvamme i Ytre Arna  
24.03 Yngve Haugsvær. Kathrine Birkeland Djønne.

### Ytre Arna sokn:

- 17.03 Linn Therese Blindheim.

## † Døde

### Arna sokn:

- 07.03 Malvin Selle f. 1928.  
13.03 Marta Kristina Flatebø f. 1898.  
15.03 Magnus Lohne f. 1928.



## Vigde

### Arna sokn:

- 09.03 Georg Hjalmar Rønhovde og Jenny Marie Takvam, vigde i Ytre Arna.  
23.03 Geir Rosenvinge og Lise Amundsen vigde i Storetveit.

### Ytre Arna sokn:

- 09.03 Rune Rolland og May Britt Vatle

## Ofringar

### Arna sokn:

- 24.02 Folkebevegelsen for livsrett og menneskeverd ... kr. 1.874,-  
03.03 Kyrkjelydsarb. .... kr. 1.089,-  
10.03 Kirkens SOS ..... kr. 1.020,-  
17.03 Misjonsselsk. .... kr. 4.085,-  
17.03 Misjonens år i Bjørgvin ..... kr. 1.086,-  
24.03 Santal.misj. .... kr. 2.887,-

### Ytre Arna sokn:

- 03.03 Kirkens Familieråd.kontor ..... kr. 386,-  
10.03 Misjonens år i Bjørgvin ..... kr. 641,-  
17.03 Kyrkjelydsarb. .... kr. 938,-  
17.03 Misjonsselsk. .... kr. 2.564,-  
24.03 Santalmisj. .... kr. 1.157,-

## Kyrkjelydane sine bank/postgirokonti

### Arna sokneråd

Boks 11  
5260 Indre Arna

Kyrkjelydshus i Arna  
Vollavegen 45B  
5260 Indre Arna

### Bank:

8440.31.05006  
Post: 5779798

Bank:  
8440.21.04243  
Post: 3498995

### Ytre Arna sokneråd

P. Jepsensv. 39  
5265 Ytre Arna

Kyrkjelydshuset  
P. Jepsensv. 39  
5265 Ytre Arna

### Bank:

3633.30.022625  
Post: 5935499

Bank:  
3633.50.75093  
5265 Ytre Arna

Om nokon vil gje ei gáve til kyrkjelydsarbeidet kan desse konti brukast.

**Kateketen  
har  
ordet**

Målfrid Sandvik



## Konfirmasjon - vår sjanse

«Gå og lær dei», sa Jesus. Det er kyrkja sin Herre som sjølv har bedt oss om å døypa og å lære «å halda alt det som eg har bode dykk». Konfirmasjonstida er ein del av dette. Som døypt har ein rett på kristen opplæring.

Gjennom konfirmasjonen møter vi enno eit heilt årskull, praktisk tala. Er ikkje dette kyrkja sin sjanse? Men vi må spørja oss sjølve: Nyttar vi ressursane våre i kyrkjelyden slik at alle desse 14-15-åringane får ei meiningsfull konfirmasjonstid?

Med «meiningsfull» meiner eg mellom anna at dei unge får oppleva at kristentrua ikkje berre ligg på det teoretiske planet. Å «halda alt det eg har bode dykk» omfattar meir enn teori! Det har med tru og teneste i kvar-dagen å gjera. Konfirmantlæraren vil sjølvagt prøva å formidla dette gjennom undervisningstimane. Men undervisning vert lett oppfatta som teoriformidling. Difor er det godt om dei unge kan få oppleva eit fellesskap der trua på Jesus er det sentrale. Gudstenesta - kyrkjelyden si storsamling - høyrer med til konfirmasjonstida. Men dei unge treng også sam-værerformer som særleg er tilpassa deira nivå, og der dei kan delta meir aktivt sjølve.


I fleire år har vi hatt gruppесam-vær som ein del av konfirmasjonstida. Dette har vore samtalegrupper som har lagt vekt på både undervisning og miljø. I år har ein del av konfirmantane i Arna sokn vore med i konfirmantklubb, misjonsgruppe eller kor i staden for samtalegruppe. Konfirmantane i Ytre Arna har vore med på lagsmøte.

Dersom kyrkjelydane verkeleg er villige til å satsa på konfirmasjonstida, kan vi gå ut med mange fleire tilbod, t.d. ulike aktivitetegrupper/tenestegrupper. Ikkje for aktiviteten si skuld, men for å bruka evner og krefter vi har fått til å peika på Jesus og gjera ei teneste for kyrkjelyden eller misjonen. Vi er skapte - ikkje berre med hovud, men med hender, føter og... Konfirmantane treng å oppleva at kristentrua har med det praktiske livet og med heile mennesket å gjera. Andre kyrkjelydar kan ha mykje å læra oss her. Men det er ikkje nok å ha idéar. Å setja dei ut i praksis krev både arbeid og innsats, - ikkje berre av kateket og prest.

Noko nytt har vi likevel tenkt å prøva frå hausten av: konfirmantleir-skule. I staden for å gå på konfirmantimar heile året, vil ein kunne velja konfirmantleirskulen som eit alternativ. Sjølve undervisninga vil då bli konsentrert til nokre dagar på ein leirstad.

Eit konfirmantår går no mot slutten. Til saman vil 211 unge delta på avsluttande forbønsgudstenester i kyrkjene våre. Der vil vi be for kvar einskild konfirmant at han/ho må bli verande hos Jesus og nå fram til evig liv. Du som ber: Vil du vera med i forbøna for konfirmantane i år? Du kan vera med å be sjølv om du ikkje er til stades i kyrkja. Namna på konfirmantane finn du ein annan stad i bladet.

Konfirmasjonen er også konfirman-ten sin sjanse. Eg ber om at nokon - på kne framfor Herrens altar - må seia: «Jesus, eg vil fylgja deg».



## Vi kan ikkje «prova» Gud – men anar vi han likevel?

Er Gud til?

Dette er eit av dei store spørsmåla som menneska alltid har vore opptekne med på ein eller annan måte. Sjølv i den materialistiske tida vår slepp ikkje spørsmålet taket. Moderne menneske ser ut til å leita etter eit fast haldepunkt i rotlausa.

Det er umogeleg å «prova» at Gud er til i vitenskapeleg forstand. Dersom slike «prov» fanst, ville vi ha oppdagat det for lenge sidan, og ingen hadde fått noko å tvila på.

Men det er mykje i verda vår som vi ikkje kan «prova». Du kan ikkje «prova» Napoleon. Og kven har sett to meter kjærleik eller fem kilo rettferd? Likevel ville det vore tåpeleg å nekta for at kjærleik og rettferd er til, eller at Napoleon har levd.

Men om vi ikkje kan «prova» Gud, er det mykje som talar for at han er til når vi ser på verda omkring oss. Universet har ein klår design og harmoni, samstundes som det er rikt variert. Kunne ein ikkje tenkja at det var ein planleggjar bak? Eit stort leksikon kunne ikkje verta til på slumpr i eit trykkeri. Ein treng nitid førebuing. At eit protein-molekyl med 3000 atomar skulle koma heilt tilfeldig, verkar ganske utruleg.

Dei fleste astronomar aksepterer teorien om at universet er skapa i ein augneblunk, «fødd» i ein stor eksplosjon av ein ildkule for 15-20 billionar år sidan. Dersom det no er ei byrjing, kunne det ikkje og vera ein Byrjar?

Universet er noko uhell. Det er eit verk av ein mektig, intelligent og kreativ Skapar. Dei nakne fakta i universet er grunnleggjande teikn Gud har gitt for å visa oss at han er til. «Guds usynlege vesen, både hans evige kraft og hans guddom, har menneska kunna sjå og skjøna av gjerningane hans alt frå verda vart skapt», skriv apostelen Paulus i Bibelen.

Det kan vera naudsynt med mykje tru for å meina at Gud skapa universet, men kan hende krev det endå meir tru for å hevda at heile tilværet vårt er ein meiningslaus slump. Å seia noko slikt er nemleg og eit trusstanspunkt.

Både menneska i Bibelen og kristne i kyrkjesoga vitnar om at Gud er til, og elskar den einskilde. Han respekterer den frie viljen vår, men rekk oss og i Jesus ei frelsande hånd for å trekja alle som vil, inn i livssamfunnet med seg.



**A.S. STEPHANSEN A/S**

N - 5230 ESPELAND  
BERGEN - NORWAY



## Arna Ten Sing Aktivt arbeid / ny aldersgrense

Arna Ten Sing har hatt ein travle periode etter jul. Turné til Halsnøy i februar og tur til Eksingedalen midt i mars, er nokre av dei aktivitetane som har opptatt kormedlemmane.

— Har de fleire arrangement på programmet i vår?

Formannen i koret, Liv Håøy svarar: — Vi planlegg ein tur til Austrheim og kanskje blir det ein tur til Tysnes også.

— Kva er formalet med å reise så mykje?

— Det er viktig å kome seg litt ut og treffenye mennesker. Ny inspirasjon er også noko ein får med seg når ein treff andre kor.

— Rekk de å opptre i Arna?

— Ja vi har deltatt ein god del i Arna. No skal vi vera med på ein samtale-gudsteneste for konfirmantar og så skal vi syngje på kyrkjelyden sin årsfest i april.

— Antall medlemmer har variert ein del. Kor mange medlemmer er det i koret no?

— Det er omrent 40 medlemmer i koret og mellom 20 og 30 kjem på kvar øvelse.

— Kva vil de gjera for å få med fleire i koret?

— Dei som melder seg til konfirmasjon neste år vil få ein spesiell invitasjon.

— Kva med aldersgrensa?

— Vi har vedtatt å senka aldersgrensa slik at alle som går i sjuande klasse kan vera med i koret.

Til slutt må vi spørja formannen i koret kva ho synest er finast ved å vera med i Arna Ten Sing?

Etter å ha tenkt seg litt om kjem det: — Godt miljø og kjekke folk er kanskje det eg set mest pris på i koret. Dessutan er det kjekt å synge og spele, seier Liv Håøy som også er pianist i koret.



Liv Håøy



Frå ei øving i Arna kyrkje

# Nytt frå sokneråda

## Soknerådsval

Til hausten er det val på nye soknerråd. Sokneråda i Arna og Ytre Arna vil innkalla til soknemøte for å oppnemna forslagsstillalar til kandidatlistene. Dato for soknemøta vert fastsett seinare.

## Solidaritetsgåve til Nordal kyrkjelyd

Nordal kyrkjelyd tapte mykje pengar ved at eit firma som byggjer orgel gjekk konkurs. Dei hadde betalt mykje, men ikkje fått noko orgel. Difor gjekk mykje pengar dei hadde samla inn over lang tid, tapt. Begge sokneråda i Arna har vedteke å gje Nordal kyrkjelyd kr. 250,- som ei «solidaritetsgåve».

## Arna sokneråd

Organist Vidar Vikøren har sagt opp stillinga si i Arna kyrkje. Han er nyleg tilsett som organist i St. Petri kirke i Stavanger. Han sluttar i Arna i midten av juni.

## Kyrkjestova

Arna kyrkjelyd har teke i bruk kapellet i huset ved kyrkja til mindre samlingar, kyrkjekaffi o.l. Det vil verta ein del av det nye Kyrkjelydhuset, og det er kjøpt inn bord slik at ein kan bruka dette lokalet også på andre måtar enn før.

## Ytre Arna sokneråd

Maling av kyrkja og prestebustaden. Når soknerådet har kome med sine framlegg til budsjett for kommunen, har dei i mange år gjort merksam på at kyrkja og prestebustaden treng utvendig maling. Det har ikkje vorte gjort noko med det, og bygningane tek skade av dette. Soknerådet gjorde vedtak om å senda brev til kommunen med spørsmål om noko vert gjort dette året. Privatpersonar har også snakka om å gjera noko på dugnad om ikkje kommunen gjer noko, fordi kyrkja ser så stygg ut.

## Framhald frå s. 5

teing, som skapar forvirring og tar frå dei den retten dei har til å verta konfrontert med tapet.

A ta farvel med ein død er viktig for oss alle, for borna og. Derfor bør dei få vera med i gravferda til sine. Sørgeritualet markerer ei endring som er komen. Borna får sjå at mange andre menneske og var glade i den døde og sørger over han. Gravferda gir dei styrke og tilhøring i ei tid da tryggleiks-kjensla deira har fått eit alvorleg slag, og dei vert ikkje så redde for at dødsfallet har noko med dei sjølvå å gjera.

Når borna får tatt farvel med han dei er glad i før han vert heilt vekk frå dei, er dei betre rusta til å forsona seg med røyndomen. Men uforløyst sorg kan gi kjenslemessige problem både i oppvekst og voksen alder, meiner Cladia Jewett.

## MED EIT SMIL

Den unge frisørlærlingen var nyomvend og ville gjerne tala med kundane sine om omvendinga si og trua. Den første som kom inn, ønskte gamaldags barbering. Da andletet var såpa inn og den unge mannen kvesste kniven, sa han alvorleg til kunden: «Er du budd til å døy?»

Fra «Kirken den er et muntert hus», Luther Forlag.

I MIN FORRETNING  
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm.Fossgt. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste

## VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arnafolk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,  
avd. Arna

## ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning  
Hagesenter  
Kransebinderi

Banken i Arna frå 1866


**SPAREBANKEN VEST**  
AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste

## ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyper. Monumenter besørges oppsatt.



Aut. bilverksted  
Aut. dekk.  
forhandler

GODE TILBUD  
PÅ DEKK OG  
REKVISITA!

GOD SERVICE —  
RIMELIGE PRISER —  
HYGGELIG MILJØ!

Velkommen til vår  
bensinstasjon!

Arnateit Auto Senter  
J.B. Myklestad  
5260 Indre Arna  
Tlf. 24 07 40



# *Velkommen til kyrkje*

- 21/4      **Arna** kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Blå Kors. Sundagsskule. Kyrkjekaffi.  
**Arna** kl. 19.00 Ungdomsgudsteneste. Res.kap. Sundsbø og kateketane Sandvik og Haugsvar. Samtale med konfirmantane fra Indre Arna og Garnes.  
**Ytre Arna** kl. 11.00. Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Hjemmenes dåpsring. Ytre Arna barnekor.  
**Ytre Arna** kl. 19.00 Konsert. Arne Musikforening, Ytre Arna Ungdomskor og Ytre Arna kyrkjekor.
- 23/4      **Arna** kl. 19.00 Samtalegudsteneste v/sokneprest Øy, Kateketane Sandvik og Haugsvar. Konfirmantar fra Lone.
- 25/4      **Arna** kl. 19.00. Samtalegudsteneste v/sokneprest Øy og kateket Sandvik. Konfirmantar fra Ådnemarka.
- 28/4      **Arna** kl. 10.00 og 12.15. Konfirmasjonsgudsteneste v/sokneprest Øy og res.kap. Sundsbø. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
**Ytre Arna** kl. 19.00. Sokneprest Øy. og res.kap. Sundsbø. Samtale med konfirmantane.
- 1/5        **Ytre Arna** kl. 10.00 Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Kristne arbeideres forbund.  
**Arna** kl. 10.00 og 12.15. Konfirmasjonsgudsteneste ved sokneprest Øy. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- 5/5        **Ytre Arna** kl. 10.00 og 12.00. Konfirmasjonsgudsteneste ved res.kap. Sundsbø. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- 12/5      **Arna** kl. 11.00 Stiftskap. Ivar Molde. Nattverd. Takkoffer til Dronning Mauds Minne. Sundagsskule.  
**Ytre Arna** kl. 11.00 Prost Johs. Valle. Nattverd. Takkoffer til diaconiutvalet.  
**Trengereid** kl. 11.00 Res.kap. Sundsbø. Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- 16/5      **Arna** kl. 11.00. Sokneprest Øy og bibelskulelærar Henrik Røykenes. Takkoffer til Bibelskulen på Bildøy. Sundagsskule.
- 17/5      **Arna** kl. 11.00. Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Takkoffer til søndagsskulen i Arna.  
**Ytre Arna** kl. 10.00. Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Takkoffer til søndagsskulen i Arna.  
**Trengereid** kl. 11.30. Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Arna søndagsskulelag.

*Søndag er kyrkjedag.*

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.  
**Redaksjonsnemnd:** Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Åse Iversen, Ingebjørg Ragnhildstveit, Ragnhild Rein, Harald Sundsbø, Kåre Kvalvåg.

**Forretningsførar:** Bjørg Hellesøy.

**Bladpengar:** kr. 30,-.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna

## ARNA PRESTEGJELD

**Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova:** Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

**Kontortid:** Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30

Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

**Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebsensv.39:** Tlf. 24 85 46.

**Kontortid:** tysdag kl. 17.00 - 18.00.

onsdag og fredag 10.00 - 11.30.

**Kyrkjegardane i Arna.** Tlf. 24 05 69. **Kontortid:** Månd. - fredag 10 - 11.